



**DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**  
*Statsråden*

Distriktssenteret v/direktør Halvor Holmli  
c/o Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
08/293-1 BEB

Dato  
22 FEB 2008

**Statsbudsjettet 2008 - Tildelingsbrev for Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling**

**1 Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet syner til St.prp. nr. 1 (2007-2008) for departementet og Budsjett-innst. S. nr. 5 (2007-2008). I dette tildelingsbrevet gjev departementet ramma til Distriktssenteret over kap. 554, post 01 og retningslinjer for drifta i 2008. Brevet inneheld òg presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde over.

Kommunal- og regionaldepartementet arbeider med vedtekter for senteret, og vil sende desse til senteret så snart dei er vedtekne og tek til å gjelde. Senteret skal etter planen vere i operativ drift frå andre halvår 2008, og vil fram til då vere i ein etableringsfase. Krava i dette tildelingsbrevet må sjåast i denne samanheng. Departementet legg stor vekt på at verksemda vert etablert i tråd med dei krav som gjeld for statlege verksemdar.

**2 TILDELING AV LØYVINGAR FOR 2008**

Løyvinga over kap. 554, post 01 Driftsutgifter er på til saman 16 mill. kr for 2008. Departementet stiller med dette 8 mill. kr til rådvelde for 2008. Delar av løyvinga vert haldne tilbake som ein reserve for seinare disponering gjennom året. Desse midlane vert stilt til disposisjon ved behov. Departementet ber om jamleg orientering om arbeidet med etableringa av senteret og løyvingsbehovet for 2008. Løyvinga som er stilt til rådvelde skal disponerast i samsvar med "Reglementet for økonomistyring i staten" og "Bestemmelser om økonomistyring i staten".

Driftsposten skal dekke løn og driftsutgifter til senteret, samt andre faste utgifter. Løyvinga skal òg medverke til å utvikle ny kunnskap, kompetanseoppbygging og til å gjennomføre informasjonstiltak. Det er budsjettert med omlag 3 mill. kr til særskilte etableringskostnader i 2008. Det er i budsjettet lagt til grunn 16-20 årsverk. Distriktssenteret skal vere lokalisert med avdelingar i Steinkjer (kontorstad for direktøren), Sogndal og Alstahaug. Avdelingane skal vere likeverdige.

## **2.1 Meirinntektsfullmakt**

Distriktssenteret kan overskride løyvinga under kap. 554, post 1 Driftsutgifter, mot ei tilsvarande meirinntekt under kap. 3554, post 1 Diverse inntekter. Inntektsposten gjeld eventuelle tilfeldige inntekter. Det er ikkje budsjettert med inntekter på posten i 2008.

## **3 MÅL OG OPPGÅVER**

### **3.1 Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål**

Statsbudsjettet tek m.a. utgangspunkt i distrikts- og regionalmeldinga St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*, som er ei oppfølging av Soria Moria-erklæringa. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal ha fridom til å busetje seg der dei ønskjer, og å utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. For å nå desse måla, er det viktig å fremje utvikling av arbeidsplassar, gode tenestetilbod og attraktive stader i alle delar av landet. Statleg innsats på mange politikkområde er viktig for å nå måla i distrikts- og regionalpolitikken.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programområde 13.50 skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping tilpassa regionale utfordringar. Midlane skal i all hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Evna til omstilling, innovasjon og entreprenørskap vert stadig viktigare i ein situasjon der konkurransen over landegrensene aukar. Regjeringa legg stor vekt på at verkemidla medverkar til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter, næringsmiljø og i område med særlege utfordringar.

### **3.2 Rolla og oppgåvene til Distriktssenteret**

Distriktssenteret skal ha ei nasjonal rolle innanfor sitt føremål og ansvarsområde. Senteret skal vere eit knutepunkt for kunnskapsbygging og -formidling innanfor distrikts- og lokalsamfunnsutvikling, og skal medverke til å koordinere og målrette utviklingsinnsats. Dette skal skje gjennom samarbeid, nettverksbygging og arenaer for å dele kunnskap og spreie erfaringar. Distriktssenteret skal ha følgjande hovudoppgåver:

- Hente inn og systematisere informasjon om lokale prosjekt og vellukka utviklingstiltak i distrikta.
- Formidle informasjon på føremålstenlege måtar.
- Støtte lokale utviklingsinitiativ gjennom mellom anna rettleiing til og samarbeid med lokale og regionale aktørar.

- Skaffe og formidle dokumentasjon om utviklingstrekk og utfordringar i distriktsområda, mellom anna ved å presentere fakta og analysar av utviklingstrekk og utfordringar, identifisere kunnskapsbehov, m. v.

Distriktssenteret skal vere eit kompetanseorgan for Kommunal- og regionaldepartementet og sektormyndigheiter i samband med utgreiingar og høyringar. Innanfor sitt faglege ansvarsområde kan senteret òg ta på seg oppgåver for andre departement etter nærare avtale med Kommunal- og regionaldepartementet, dersom dette ikkje går ut over senteret sine kjerneoppgåver.

Distriktssenteret skal ikkje drive forskning sjølv, men må utvikle samarbeid med relevante FoU-miljø. Senteret skal vere ein medspelar for kommunane og fylkeskommunane i deira utviklingsarbeid.

Departementet vil i tråd med vedtektene oppnemne eit fagråd som skal ha ei rådgjevande rolle når det gjeld Distriktssenteret si verksemd. Distriktssenteret må i 2008 etablere rutinar for at fagrådet møtest jamleg, og at dei vert førelagt viktige faglege og prinsipielle spørsmål knytt til senteret si verksemd.

#### *Kommunikasjon og informasjon*

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å leggje vekt på kommunikasjonsarbeid, m.a. gjennom synleggjering av gode eksempel i distrikts- og regionalpolitikken. Distriktssenteret skal synleggjere oppnådde resultat på sitt område. Departementet ber om at Distriktssenteret når det er aktuelt tek kontakt med departementet for avklaring av om politisk leiing i departementet skal delta i den konkrete synleggjeringa. Det må etablerast gode rutinar mellom Distriktssenteret og Kommunal- og regionaldepartementet slik at Distriktssenteret i god tid varslar om aktuelle mediasaker.

### **3.3 Mål for Distriktssenteret**

#### **3.3.1 Formål – overordna mål**

Distriktssenteret skal vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig lokalsamfunnsutvikling i distrikta. Senteret skal støtte opp om lokal utviklingskraft og lokale initiativ.

#### **3.3.2 Resultatkrav for 2008**

Resultatkrava for 2008 er i hovudsak knytt til sjølve etableringa av senteret.

Distriktssenteret skal i 2008:

- Etablere dei viktigaste system og rutinar for å ivareta administrative oppgåver innan 1. juli 2008, slik at desse er operative når ytterlegare medarbeidarar tiltrer.
- Etablere gode rutinar og system for budsjettering og økonomistyring.
- Etablere gode rutinar for arbeidsmiljø med vekt på eit inkluderande arbeidsliv.

- Etablere rutinar for at fagrådet møtest jamleg, og får viktige faglege og prinsipielle spørsmål knytt til verksemda lagt fram for seg.
- Utarbeide strategiplan for Distriktssenterets verksemd.
- Starte med faglege oppgåver og drift seinast august 2008. Senteret skal innan rimeleg tid ha etablert velfungerande system for å hente inn, systematisere og formidle informasjon om lokale prosjekt og utviklingstiltak i distrikta.
- Utvikle ein kommunikasjonsstrategi for senteret som tek omsyn til både forholdet til målgrupper, senterets behov for marknadsføring, samt samarbeid med departementet der det er naturleg.

### 3.4 Resultatoppfølging

Departementet vil arbeide vidare med vurderingskriterium for å vurdere resultat i høve til måla, og vil kome tilbake til dette i eit eige brev.

## 4 STYRINGSDIALOG

Departementet syner til "Reglement for økonomistyring i staten" og "Bestemmelser om økonomistyring i staten" som tok til å gjelde 1. januar 2004. I tillegg syner departementet til "Bevilgningsreglementet" som tok til å gjelde 1. januar 2006.

Styringsdialogen mellom departementet og Distriktssenteret består av faste møte og følgjande hovuddokument:

- St.prp. nr. 1 (2007-2008)
- Departementet sitt tildelingsbrev
- Distriktssenteret si rapportering
- Distriktssenteret si årsmelding
- Referat frå dei faste møta

Det skal vere gjennomgåande samanheng og konsistens mellom dei ulike styringsdokumenta, medrekna St.prp. nr. 1, tildelingsbrev, og Distriktssenteret sin plan for verksemda/sentrale styringsdokument. Alle styringssignal i tildelingsbrevet skal omhandlast i årsmeldinga.

Distriktssenteret og departementet skal i 2008 ha kvartalsvise møte, fyrste gong 9. juni 2008. Desse møta skal konsentrerast rundt resultatoppnåing, og vidare nyttast til gjensidig informasjon om pågåande arbeid og aktuelle saker i Distriktssenteret og departementet. Departementet innkallar og leier møta, og er ansvarleg for dagsorden og referat. Distriktssenteret må syte for at relevant dokumentasjon ligg føre for departementet i forkant av møta. Departementet sender referat frå kvartalsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

### 4.1 Styringskalender 2008:

Dato	Møte	Sted
9. juni	Kvartalsmøte	KRD
3. september	Kvartalsmøte	Distriktssenteret
19. november	Kvartalsmøte	KRD

## **4.2 Rapportering**

Når det gjeld krav til rapportering og årsmelding for 2008, vil departementet kome tilbake til dette i eit eige brev.

Distriktssenteret skal til første kvartalsmøte (9. juni) utarbeide og oversende eit kortfatta dokument om strategiske prioriteringar i 2008, oppgåver som skal gjennomførast på kort sikt og ein framdriftsplan for desse. Distriktssenteret skal underrette Kommunal- og regionaldepartementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller tildelingsbrev straks verksemda får kjennskap til slike. Departementet skal orienterast ved oppstart av større IKT-prosjekt.

KRD ved Regionalpolitisk avdeling ber om å få månadleg kopi av kassarapporten.

Departementet skal haldast orientert om utgreiingar og liknande som er under utarbeiding og ferdigstilt. Distriktssenteret skal orientere departementet i forkant av offentleggjering av utgreiingar.

## **5 ANDRE OPPGÅVER/KRAV**

### **5.2 Intern kontroll og risikostyring**

Intern kontroll er eit samleomgrep for alle organisasjonstiltak, system og metodar som ein organisasjon set i verk for å nå sine mål og/eller beskytte sine verdiar og overhalde lover og reglar. Intern kontroll er ein integrert del av den totale styringa av ei verksemd. Leiinga for verksemda har ansvaret for at den interne kontrollen er tilpassa vurderingar av risiko og kva som er vesentleg, og at den vert dokumentert, jf. Reglement for økonomistyring i staten § 14. Departementet syner til Økonomiinstruks for Distriktssenteret.

Distriktssenteret skal innan 1. november sende departementet ei overordna risikovurdering.

### **5.4 Offentlege innkjøp**

Distriktssenteret vert bedt om å utarbeide interne rutinar for offentlege innkjøp slik at dei er i tråd med regelverket for offentlege innkjøp (lov og forskrift). På internettsidene til Fornyings- og administrasjonsdepartementet ligg lenkjer til regelverket og rettleiinga "Veileder til reglene om offentlige anskaffelser". Departementet syner og til Handlingsplan 2007-2010 T-1467 B "Miljø- og samfunnsansvar i offentlige innkjøp". Departementet ber om at Distriktssenteret legg vekt på miljøvenlege løysingar ved etableringa av verksemda.

### **5.5 Personalpolitikk**

Det er ein føresetnad at bemanninga, og dermed lønsutgiftene, skal haldast innanfor det beløp som Stortinget har løyvd til driftsutgifter. Distriktssenteret skal aktivt følge opp avtala om eit inkluderande arbeidsliv, mellom anna når det gjeld førebygging og reduksjon av sjukefråvær, tilsetjing av fleire personar med nedsett funksjonsevne og tiltak for å auke den reelle pensjonsalderen. Vidare skal Distriktssenteret ha ein medviten og aktiv rekrutterings- og personalpolitikk som medverkar til å auke delen kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn på arbeidsplassen. Distriktssenteret skal arbeide for å fremje jamstilling i verksemda.

### **5.6 Miljøleing i statleg sektor**

Miljøleing er eit verktøy for å auke medvitet om miljøkonsekvensane av ei verksemd og setje i gang eit systematisk arbeid for å endre verksemda i ei miljøvennleg retning. På [www.gronnstat.no](http://www.gronnstat.no) er det samla rettleingar, verktøy og relevante eksempel i samband med innføring av miljøleing. Sjå òg rettleinga T-1426 "Miljøledelse i staten" frå Miljøverndepartementet.

### **5.7 Rapportering etter mållova**

Departementet syner til mållovas § 8 om målform i sentrale og regionale statsorgan og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 prosent bruk av den minst nytta målforma.

### **5.8 Etske retningsliner**

Som ein del av statstenesta er Distriktssenteret omfatta av etske retningsliner. Retningslinene er generelle rettesnorar som igjen krev refleksjon av den enkelte tilsette. Retningslinene er samla på nettsidene til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Med helsing



Magne Meltveit Kleppa

Kopi til:  
Riksrevisjonen